


Runde 2

1

Kva er det norske
namnet på finnen
som er nummer
sju på teikninga?



2

Kva var etternamnet til brørne Alexander, Zoltan og Vincent, opphaveleg frå Ungarn, som emigrerte og laga spelefilmar både i London og i Hollywood i fleire tiår på midten av 1900-talet.

3

Vest i Venezuela går det ei bukt på 13 210 km² inn frå det Karibiske havet. Innløpet er trangt, berre 5,5 km breitt. Den nest største byen i Venezuela har same namn som bukta. Kva er namnet på bukta (og byen)?

4

I kva for eit noverande land hadde Nederland i perioden 1630—54 kolonien Nieuw Holland, med hovedstad Mauritsstad?

5

Kva heitte dei to kvinnene som delte Nobels
fredspris i 1976 for sin innsats for fred i Nord-
Irland?

6

Kven av dei offisielle verdsmeistrane i sjakk er den einaste som er fødd i Latvia?

7

Kva kallar vi ei slik dekorativt utforma arkitektonisk støtte, som består av eit skulpturalt hovud på ein smalnande pilar? I antikkens Hellas var det som regel ein særskild guddom som vart avbilda, ofte framstilt med ein fallos på framsida av pilaren. Her ser vi Fridtjof Nansen utan fallos.



8

Kva kallar vi matretten som består av umodne soyabønner som er kokt eller dampa og så krydra med salt og sitron? Matretten stammar frå det japanske, kinesiske og hawaiianske kjøkken, men kan også finnast på menyen på trendy norske ute-/etestader.



9

Brevene dine legger jeg under madrassen. En brevveksling 1971—2002 (omsett tittel) er ei bok som inneheld Sarah Schwardts korrespondanse med kva for ein kjend person?

10

Kva for eit ord på A er eit mål for forholdet mellom mengda av reflektert ljøs og innfallande ljøs til eit objekt som ikkje sjølv lyser (t.d. planet, asteroide o.l.). Er denne verdien lik 1, blir alt innfallande ljøs reflektert, medan verdi 0 viser ei perfekt absorberande (svart) overflate. Ordet er brukt av Vangelis i ein albumtittel frå 1976 saman med jordas verdi, som er 0,39.

11

Med namn etter kjemikaren som først skildra han i 1912, kva kallar vi reaksjonen mellom karbohydrat og aminosyre, som gir ein brun farge og ei rekkje smaks- og luktnyansar? Reaksjonen gir farge, lukt og smak i øl, sjokolade, kaffi, rista brød, steikt kjøt og mange andre typar rista eller steikt mat.

12

Med eit ord på H, hva kallar vi ein person som har lært seg heile koranen utanat?


13

Kva for ein norsk knivprodusent fra Geilo har eit reinsdyr i logoen, her trykt på ein av knivane deira?



14

Med eit engelsk uttrykk på to ord, kva kallar vi strikketeknikken der du strikkar t.d. sokkar, som normalt vert strikka på fem pinnar, på ein rundpinne? Denne teknikken let deg også strikke to sokkar samtidig, men biletet viser opplegg til berre ein.



15

Tanacetum vulgare har vore brukt som medisiplante i uminnelege tider, bl.a. mot innvollsorm og gulsott, og kan også brukast til å farge garn gult. I gresk mytologi skal Zevs ha gjort Ganymedes udødeleg ved å gi han denne planten på Olympen. Kva er det norske namnet?



16

Kva heiter staden om lag 10 km fra Daudehavet,
der Daudehavsrullane vart funne i raviner og
grotter i 1947?

17

Kva var namnet på flokken frå Orknøyane som gjorde opprør mot kong Sverre, men gjekk i oppløysing etter at dei tapte slaget ved Florvåg i 1194?

18


Kva heiter musikalen som vann Pulitzerprisen for drama i 2010? Musikalen handlar om ei mor som har bipolar lidning og korleis sjukdommen påverkar familien hennar. Musikalen hadde Europa-premiere på Det norske teateret i Oslo i 2010 med Heidi Gjermundsen Broch i hovudrolla, og fekk terningkast seks i både Dagbladet og VG.

19

Ein norsk utøvar tok OL-gull i 1960 og OL-sølv i 1968. Foreldra hans tok OL-sølv i 1952. Bestefaren tok OL-gull i 1924. Kva er etternamnet til alle desse utøvarane?

20

Kva heiter desse to figurane, som vart skapte av Wilhelm Busch i ei serie biletforteljingar fra 1865? Forteljingane vert rekna som ein forløpar for moderne teikneseriar.



21

Kva heiter dette brettspælet? Det vart lansert i 1990, og kan av utsjånad minne litt om kinasjakk, men i dette spelet vinn den som klarer å skubbe seks av motparten sine kuler ned i "grøfta" etter visse reglar. Det er ingen terningkast involvert.



22

Kva for ei engelsk setning på fem ord vart nytta av Noam Chomsky i *Syntactic Structures* (1957) for å vise korleis ei setning kan vere syntaktisk velforma, men semantisk sett meningslaus? (Vi ser her vekk frå at mange i ettertid har prøvd å konstruere ein situasjon der setninga gir meining likevel.)

23

Kine Emilie Bruland, Marte Vedde og Pernille
Kjølberg Wikøren lagar kva for ein podcast
saman?

24

Kva for ei trebokstavsforkorting står det framfor *–operatør* dersom jobben din er å bruke datamaskiner til å styre mekaniske maskiner som bearbeider materiale. Du datastyrer gjerne bor, sliparar, sveisemaskiner, fresarar og liknande i ein mekanisk verkstad eller industri. Det finst eit fagbrev som nyttar forkortinga.

25

Kva heiter denne punkepoeten, fødd i Salford i 1949?

Han gav ut dei fleste av albuma og singlane sine på
søtti- og åttitalet, men er aktiv framleis. Vi høyrer hans
einaste UK top 40 hit, *Gimmix! (Play Loud)* frå 1979.